SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen

Sakshandsamar:
Mari Johansen Aune
E-post: Mari.Johansen.Aune@sfj.no
Tlf.: 93286541

Vår ref.
Sak nr.: 17/4207-5
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 24.04.2018

Framlegg til høyringssvar til Hyllestad kommune samfunnsdelen til kommuneplanen 2018 - 2030

Vi viser til høyring av samfunnsdelen til kommuneplanen 2018-2030. Saka har høyringsfrist 29. mai. Høyringssvaret frå fylkeskommunen må handsamast politisk. Første moglege politiske handsaming av høyringssvaret er i møte i fylkesutvalet 31. mai. Vi har difor bedt om utsett frist til 4. juni for å sende høyringssvar til kommunen.

Saksframstillinga til fylkesutvalet er ei kortfatta samanstilling av dette høyringssvaret, med fokus på dei punkta som er mest relevante for regionale og nasjonale politiske føringar. Dette tekstlege grepet er gjort med tanke på å kunne legge fram eit mest mogleg kortfatta dokument til politisk handsaming, medan høyringssvaret til kommunen er meir utfyllande og har ein meir rettleiande funksjon.

Bakgrunn for saka:

Gjeldande samfunnsdel for Hyllestad kommune er vedteken i 2009. I kommunal planstrategi for Hyllestad frå 2017 vart det vedteke å revidere kommuneplanen (samfunnsdelen og arealdelen). Planprogram for samfunnsdelen vart vedteke av kommunestyret i Hyllestad 22.06.2017.
Saka har vore diskutert i regionalt planforum ved to høve; før vedtak av planprogram i møte 15.05.17, og under utarbeiding av planframlegg i møtet 13.12.17. Fylkeskommunen hadde ikkje skriftleg innspel til planprogrammet for samfunnsdelen.

Faglege innspel til planarbeidet:

Hovudinntrykket er at planen er godt strukturert og dekkande for mange tema som gjeld samfunnsutviklinga i Hyllestad. Kapittel 4 i planen greier ut om utfordringsbilete, mål og strategiar for ulike tema ved samfunnsutviklinga og kommunen som organisasjon. Inntrykket er at kommunen her har ei fokusert utgreiing og at mål og strategiar svarar godt på dei utfordringane som er identifisert.

I dei faglege innspela under er dei mest vesentlege punkta til oppfølging av kommunen utheva i fet skrifttype.

Målsettingar i planen:

Målsettingane for planen dekker mange sentrale tema i samfunnsutviklinga og kommunale tenester i Hyllestad. Det er positivt at folkehelse har fått eit sentralt fokus i målsettingane, dette vil forhåpentleg styrke det tverrfaglege folkehelsearbeidet i kommunen.

Vi saknar at planen definerer målsettingar knytt til tema naturmiljø og klima og kommunale næringsfond. Konkrete innspel til målsettingar på desse tema er tatt med i høyringssvaret under avsnitt for gjeldande tema.

Handlingsdelen:

Etter plan og bygningslova § 11-1 skal samfunnsdelen ha ein handlingsdel som tydeleggjer korleis strategiane skal følgast opp i 4-årsperioden. Ein konkret handlingsdel, med tydeleg definerte oppgåver og ansvar for oppfølging, er eit viktig for å sikre gjennomføringa av samfunnsdelen. Ein tydeleg handlingsdel konkretiserer handlingsmål og tiltak knytt til dei visjonar, strategiar og mål som er definert i samfunnsdelen. Handlingsdelen legg føringar for prioritering av ressursar innanfor dei økonomiske rammene til kommunen, og gjer det enklare å forstå prioriteringane og dei konkrete føringane.

I handlingsprogrammet for Hyllestad kommune 2018-2021 kan ein med fordel tydeleggjere kostnad for tiltaka, kven som har ansvaret for gjennomføring og kven som er samarbeidspartnarar i kvart einskild tiltak. Fylkeskommunen ønskjer å vere ein samarbeidspart for kommunen. Dei ulike fagavdelingane vil kunne ha tiltak og program som kan vere ei støtte i dette. Vi har og støtteordningar for tiltak innan nærings - og samfunnsutvikling som kan passe inn for nokre av tiltaka. Fleire av måla og strategiane i planen er ikkje følgt opp gjennom handlingar i handlingsdelen. Det kjem ikkje fram av planen om dette er fordi det allereie eksisterer tiltak, eller om desse måla ikkje skal prioriterast i handlingsprogram-perioden.

Føringar for arealdelen:

Samfunnsdelen skal vere førande for arealdelen til kommuneplanen. Det er difor ei styrke for planen at ein har inkludert eit eige kapittel med føringar for arealdelen. Dette er med å sikre god kopling mellom dei overordna målsettingane i samfunnsdelen og den langsiktige arealbruken som vert definert i arealdelen.

Kapittelet med føringar for arealdelen kan med fordel vere meir utfyllande, slik at ein følgjer opp mål og strategiar gjennom føringar for langsiktig arealbruk. **Vi kjem med konkrete innspel til andre tema som bør med i føringane i avsnitt om akvakultur, kulturarv, naturmiljø, sentrumsutvikling/ tettstaddanning, bustad og klima.**

Akvakultur:

Det er positivt for næringsutviklinga i Hyllestad at ein i kapittelet om verdiskaping har definert mål knytt til utvikling av attraktive lokalitetar og strategi om å utvikle lokalitetskapasitet og delta aktivt i kystsoneplanlegginga.

Fylkeskommunen jobbar med eit prosjekt kalla «multikriterieanalyse for planlegging i sjø». Prosjektet skal etter planen vere ferdig hausten 2018. Dette er ei kartanalyse der vi samlar informasjon om ulike tema som har innverknad for kor eigna eit geografisk område er for akvakultur. Resultatet av analysa vert eit kart som syner område der eksisterande bruk eller verdiar i eit område tilseier at området er ueigna, eller potensielt eigna for akvakultur. Analysa er ikkje ei endeleg godkjenning av at eit område kan nyttast til akvakultur. For dei områda der analysa viser lite konflikt og potensiell eignaheit kan dette vere gode utgangspunkt for vidare vurdering i kommuneplanen sin arealdel.

I føringane for arealdelen bør ein legge til eit punkt knytt til korleis målet og strategien knytt til akvakultur skal følgast opp i arealdelen.

Kulturarv:

Det er positivt at den kommunale kulturminneplanen skal nyttast for å styrke kunnskapen om kulturarv-verdiane i kommunen. Vi saknar likevel ei konkretisering av korleis planen skal nyttast strategisk, til dømes i form av kopling mot kommuneplanen sin arealdel ved bruk av omsynsoner. **I føringane til arealdelen bør ein legge inn noko om korleis kulturminneplanen skal følgast opp i den langsiktige arealbruken.** Likeeins bør ein

konkretisere korleis ein skal kople tiltak i kulturminneplanen sin handlingsdel opp mot kommunen sitt overordna budsjett- og økonomiarbeid.

Naturmiljø:

Planen bør definere eit generelt mål knytt til tilstanden på naturmiljø i kommunen. Det passar eventuelt godt å ha eit slikt mål i kapittel 4.1.3 Natur, miljø og folkehelse. Eit slikt generelt mål vert så følgt opp av dei strategiane som kommunen har definert.

Når det gjeld strategien om å «delta aktivt i det regionale arbeidet med vassforvaltning», bør denne vere formulert meir ambisiøst og konkret. I regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021 er det fastsett miljømål som viser korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv. Det generelle miljømålet er minimum *god miljøtilstand* for vassførekomstane innan 2021 med mindre det er gitt unntak. Unntak kan vere utsett frist for å nå miljømålet eller eit lågare miljømål er sett. Sterkt fysisk påverka vassførekomstar t.d. regulert til vasskraftsformål, drikkevatn eller større hamner har fått miljømålet *godt økologisk potensial* eller det vert sett eit *mindre strengt miljømål*.

Med god miljøtilstand vert meint god økologisk og kjemisk tilstand jf. vassforskrifta. Oversikt over alle miljømål og tiltak for å nå miljømåla for den enkelte vassførekomst ligg i ein database kalla Vann-nett. Kommunen si målsetting og strategi i samfunnsdelen bør spegle at ein skal oppnå miljømåla satt i Vann-nett og den regionale vassforvaltningsplanen, det vil seie god miljøtilstand i alle vassressursar i kommunen innan 2021 med mindre det er gitt unntak.

Arbeidet med å nå miljømåla bør i tillegg forankrast i arealdelen. Ein god måte å forankre arbeidet i arealdelen er ved å definere anten generelle føresegner og retningslinjer og/eller omsynsoner med tilhøyrande føresegner og retningslinjer i område der bygging eller anna ny aktivitet kan påverke tilstanden i elv, bekk, innsjø eller kystvatn. Føresegner og retningslinjer bør stadfeste dei omsyn som er naudsynte for å ta i vare og betre miljøtilstanden i vassførekomstane. For vassførekomstar der miljøtilstanden er dårligare enn god bør kommunen vurdere meir omfattande tiltak for å oppnå god miljøtilstand. Kommunen bør merke seg at vassforskrifta §4 generelt sett ikkje tillét ny bruk som gjer tilstanden av vassførekomstar dårlegare med mindre det er grunnlag for unnatak i tråd med §12 (ny aktivitet eller nye inngrep).

I føringane for arealdelen bør ein inkludere eit punkt om korleis arbeidet med vassforvaltning skal følgast opp i arealdelen. Handlingsprogrammet bør og spegle dette med eit punkt under 4.1.3 (Natur, miljø og folkehelse).

I tillegg føreslår vi nokre enkle nye punkt til endringar i planteksten for å presisere omsynet til vassmiljø (ny tekst er understreka):

Samfunnsdelen punkt 4.1.3. (Natur, miljø og folkehelse) under *Mål:*

- <u>Vassførekomstar (elvar, bekker, innsjøar, kystvatn) skal nå miljømåla som er satt i den regionale vassforvaltingsplanen.</u>

Samfunnsdelen punkt 4.3 (Føringar for utarbeiding av arealdelen) under *Mål for arealplanen*:

- <u>Ny arealbruk skal ikkje gjere tilstanden av vassførekomstar (elvar, bekker, innsjøar, kystvatn) verre. Der det er mogleg skal nye bygg og bruk bidrage til at miljømål vert nådd.</u>

Handlingsprogrammet punkt 4.1.3 (Natur, miljø og folkehelse), i kolonnen *Tiltak*:

- Legge til rette i føresegn og løyver for at nye bygg og ny arealbruk ikkje fører til at tilstanden av elvar, bekker, innsjøar og kystvatn vert dårlegare. Sørge for at nye tiltak bidreg til at miljømål vert nådd der dette er praktisk og økonomisk mogleg.

Breiband:

Det er positivt at planen har ei tydeleg satsing på breiband, som er gjennomgåande i mål, strategi og tiltak. Ein kan også vurdere om det er behov for ein ny plan, og vil i den samanhengen oppmode om å ta i bruk malen «Plan for digital infrastruktur» som kommunane har motteke frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Slik plan vert viktig som eit verktøy i kartlegging av behovet i kommunane i samband med Nkom si støtteordning og prioritering mellom prosjekt i fylket. Støtteordninga for breiband er no lagt om, og det er område med dekning under 10 Mbit/s som har prioritet i tida frametter. Fylkeskommunen gjer prioriteringar mellom innkomne søknadar. Ein eigen plan for digital infrastruktur vil også vere eit tenleg verkty i samband med nye infrastrukturprosjekt i kommunen, som til dømes utbygging av nye bustads- eller hyttefelt og næringsområde.

I tråd med satsinga på hytter og fritidsbustader i Hyllestad kan ein vurdere om målsettinga om dekkingsgrad for breiband skal utvidast til å inkludere hyttefelt. Tilgang på breiband og mobildekking kan vere ein attraktivitetsfaktor for hytteområder.

Sentrumsutvikling/tettstaddanning:

Planen har eit tydeleg fokus på styrking og utvikling av sentrum, både gjennom mål og strategiar i plandelen og i tiltak i handlingsprogrammet. Dette er positivt og i tråd med regionale føringar. Regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur vart vedteken i Fylkestinget 17.04.2018. I strategien er attraktive sentrumsområde trekt fram som ein viktig faktor for å tiltrekke seg og halde på arbeidskraft og innbyggarar. I strategien er det lagt fleire retningslinjer som kan bidra til utvikling av attraktive tettstader. Mellom anna legg strategien retningslinjer knytt til planprosess. Desse seier mellom anna at i tettstad / sentrum bør ein gjennomføre stad-analyse / moglegheits-studie eller tilsvarande som grunnlag for planlegging. Sentrumsområda er ein naturleg møteplass og skal vere tilgjengeleg for alle innbyggarar. I planarbeid knytt til sentrumsområda bør ein difor syte for brei medverknad. Vidare legg regional strategi føresegner og retningslinjer knytt til den fysiske planlegginga av sentrumsområde. Retningslinjene gjeld korleis sentrum og tettstad i kommunen bør planleggast og utformast.

Kommunen skal legge føresegnene i regional strategi til grunn og vi oppmodar at ein og legg retningslinjene i til grunn for sentrumsutviklinga i Hyllestad kommune. Samfunnsdelen bør legge føringar for korleis sentrumsutviklinga skal følgjast opp i arealdelen.

I samsvar med rikspolitisk bestemmelse om kjøpesentre (FOR-2008-06-27-742) vedtok fylkestinget i sak 54/16 regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter. Føresegna skal sikre at ny handelsverksemd vert lokalisert innanfor, eller i tilknyting til eksisterande by- og tettstadsentra, med god tilgjenge for gåande og syklande og med god kollektivdekning**. I tråd med regional planføresegn skal Hyllestad kommune gjennom kommuneplan eller områderegulering avgrense og definere sentrumsområdet.** Ei eventuell lokalisering av kjøpesenter kan berre skje innanfor ei slik avgrensing.

Kommunane i Sogn og Fjordane kan søkje fylkeskommunen om fagleg og økonomisk støtte til tettstadutvikling og/eller stadforming tilpassa kommunale plan – og utviklingsprosessar. Meir informasjon om denne ordninga er å finne på fylkeskommunen si heimeside her.

Bustad:

Det er positivt at planen har ei tydeleg satsing på bustadar i sentrale deler av kommunen. Dette er i tråd både med satsinga i regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur og satsingane i regional plan for klimaomstilling.

Basert på kunnskapen kommunen har om demografi og bustadmarknad bør planen inkludere ei drøfting kring kva type og omfang av nye bustadar ein treng for å dekke behovet. Kven er målgruppa for bustadplanlegginga, og kva type bustadar har denne målgruppa behov for? Ei slik kartlegging av bustadbehovet burde ligge til grunn for målretta bustadplanlegging. Med tanke på at innvandrarar er ei viktig innbyggargruppe i Hyllestad, og at kommunen har eit ønskje om betre integrering, er det relevant å greie ut kva som skal til for at desse innbyggarane skal ønskje å busette seg i kommunen.

Det er svært positivt at ein i føringane for arealdelen legg opp til at ny bustadbygging skal konsentrerast i sentrum og at bustadbygginga ikkje skal redusere dyrka og dyrkbar mark. Her bør ein inkludere liknande føringar for andre verdifulle naturtypar, særlig myr og strandsone.

Klima:

Klima er ei overordna utfordring for alt planarbeid, og ei viktig statleg og regional føring for arbeidet med samfunnsdelen. I Regional planstrategi 2016 - 2020 er klimaendringane løfta fram som ein av fem hovud-utfordringar for fylket. Regional plan for klimaomstilling, som er under utarbeiding, legg til grunn at klimaomstilling inneber at vi må minimere vår sårbarheit for dei endringane vi veit kjem. I tillegg må vi omstille samfunnet for å redusere klimaendringane ved å redusere klimagassutsleppa.

Kommunane har mykje ansvar, og kan spele ei viktig rolle i arbeidet med klimaomstilling. Til dømes er kommunane planstyresmakt og set føringar for lokalisering, utforming og utbygging av bustader, arbeidsplassar, friluftsareal og lokalt vegnett, inklusiv gang- og sykkelvegar. Kommunenes sentralforbund (KS) har peikt på at kommunesektoren spesielt kan medverke til reduserte klimagassutslepp innan arealbruk og transport, bustader og avfall.

For å lukkast med ei klimaomstilling av samfunnet må vi implementere klimamåla på tvers av sektorar. Klima framstår som eit sentralt tema i deler av planen, særlig i utgreiingane knytt til klima, risiko og sårbarheit, verdiskaping, sentrumsutvikling og tekniske tenester. **Planen bør definere eit overordna mål for kva ein ønskjer oppnå knytt til klima. Dette målet bør vere i tråd med målsettingane i regional plan for klimaomstilling.** Eit slikt overordna mål kan og bør bidra til at klima vert integrert i alle dei ulike tema so kommunen jobbar med.

I tettbygde områder er blå-grøne strukturar i landskapet viktig både med tanke på flaumsikring langs vassdrag og for infiltrasjon av nedbør og overvatn generelt. I tillegg vil slike strukturar vere gode landskapselement som bidreg til gode omgjevnader i tettstadane. Viktigheten av slike blå-grøne strukturar er understreka både i utkast til regional plan for klimaomstilling og i vedteken regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur. **Kommunen bør sikre og vidareutvikle blå-grøne strukturar gjennom å sette føringar for arealdelen i samfunnsdelen.**

Næringsutvikling:

Næringsutvikling er eit viktig tema for Hyllestad. Planen legg vekt på behovet for å skape fleire lokalt forankra arbeidsplassar og meir varierte arbeidsplassar. Det er bra at ein legg vekt på behovet for å realisere «det grøne skiftet» i næringsutviklinga. Planen med handlingsprogram legg opp til etablering av møteplassar og utviklingsstøtte for næringslivet i kommunen. Vi trur dette er ei viktig satsing. Ein kan med fordel samarbeide med nabokommunane i HAFS for realisering av slike tiltak.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har som ei av sine oppgåver å leggje til rette for utvikling av næringslivet i fylket, med sikte på å skape fleire arbeidsplassar. Eitt av virkemidla ein nyttar er kommunale næringsfond. Gjennom denne ordninga tildeler fylkeskommunen midlar til

kommunane (gitt konsesjonskraftinntekter < 2mnok) utan at kommunen treng å søkje fylkeskommunen. Kommunane tek så i mot søknadar frå grundere og næringslivet og løyver midlar til dei prosjekta dei vil. I 2017 og 2018 var 19 av 26 kommunar kvalifiserte og det vart delt ut 11 mill. kr. i 2018 og 9,51 mill. kr. i 2018. Midlane skal gå til å hjelpe etablerarar og små bedrifter til å starte eller utvikle bedrift i kommunen.

I retningslinene for tildeling av midlar til kommunale næringsfond vert det sett følgjande minstekrav til kommunane:

1. retningsliner for bruk og forvaltning av næringsfondet må følgast.
2. eit tilfredstillande næringsapparat, der minimum ein person i 50 % stilling skal vere disponibel for oppgåver knytt til førstelinetenesta og kontaktinformasjon er lett tilgjengeleg for målgruppa
3. bruken av midlar skal vere godt forankra i kommunen sine strategiar for næringsutvikling
4. bruken av næringsmidlane skal rapporterast i årsrapport

Punkt tre er særleg relevant for planarbeidet. I den vidare omtala av punktet seier retningslinene følgande:
«Kommunen skal ha utarbeidd eit planverktøy med mål, strategiar og prioriterte tiltak for det kommunale arbeidet med næringsutvikling. Plandokumentet skal også ta inn over seg nasjonale og fylkeskommunale føringar gitt mellom anna gjennom regional planstrategi og verdiskapingsplanen med tilhøyrande handlingsplan.

Strategien kan vere i form av ein eigen næringsplan. Alternativt som ein del av samfunnsdelen til kommuneplanen med handlingsdel, eller anna strategisk kommune (-delplan) med handlingsdel. Det viktige er at det finst langsiktige strategiske mål, men også at ein evnar å vere konkrete i prioritering av tiltak t.d. gjennom ein årleg handlingsplan.

Bruk av næringsfondet skal vere godt forankra i kommunen sine strategiar.»

I utgreiinga i planen omtalar kommunen eit behov for å spisse satsinga knytt til næring. Ei slik konkretisering kunne med fordel vore gjort i samfunnsdelen. **Heilt konkret saknar vi at tildelingane av kommunale næringsfond til Hyllestad kommune er tydelegare forankra i samfunnsdelen.** Samfunnsdelen kan med fordel presisere kva kommunen ønskjer oppnå med tildelingane, korleis ein tenkjer oppnå dette og kva type prosjekt/næringar kommunen skal løyve midlar til.

I utgreiinga vert landbruket vert trekt fram som ei viktig næring i Hyllestad. **Vi saknar at ein definerer målsetting, strategi og tiltak for utviklinga av landbruket.**

Med helsing

Synnøve Stalheim
plansjef

Mari Johansen Aune
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

framlegg til høyringssvar til Hyllestad kommune samfunnsdelen til kommuneplanen 2018 - 2030

Mottakar (ar)

Kopi til: